

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG**Mellombels kulturminnefagleg fråsegn - Krav om arkeologisk registrering -
Dispensasjon - gnr. 138, bnr. 18 - Alver kommune**

Vi viser til brev datert 01.06.2021 med søknad om dispensasjon frå LNF - føremål, og til vårt brev av 08.06.2021 med varsel om synfaring. Arkeolog frå Vestland fylkeskommune var på synfaring i det gjeldande arealet 23.06.2021.

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Krav om arkeologisk registrering

Det er ikkje kjend automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne på eigedomen frå før, det er likevel høgt potensial for slike funn. For å få avklart om tiltaket er i konflikt med nasjonale kulturminneomsyn er det naudsynt med ei arkeologisk registrering i området. For slik å avgjera om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne, jf. §§ 3 og 11 i kulturminnelova.

Det blir nytta fleire metodar ved registrering. Kva metode som er vald, er avhengig av topografi og kva type kulturminne vi reknar med å påvise. Med dei ulike metodane kan det lokaliseras kulturminne med eller utan synlege spor på markoverflata. Ved denne registreringa skal vi nytte metoden maskinell sjaktning. Maskinell sjaktning vert nytta til å påvise automatisk freda kulturminne i noverande og tidlegare dyrka mark. Med gravemaskin vert moldlaget fjerna til uforstyrta lag med funn av førhistoriske spor eller ned til funntomt undergrunn. Ved registreringa vert det opna sjakter med opptil tre meter i bredde og varierende lengde. Etter undersøkinga blir jorda lagt tilbake i sjaktene med mindre anna blir avtalt.

Sidan tiltaket er eit mindre privat tiltak dekkjer Vestland fylkeskommune kostnadene ved ei slik registrering. Den arkeologiske registreringa vil verta gjort så raskt som råd, og etter nærare avtale med søkjar.

Vestland fylkeskommune ber om at kommunen ikkje fattar positivt vedtak i saka, før vi har gjeve endeleg kulturminnefagleg fråsegn.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
fagleiarSigrun Wølstad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

